



*Elina fikk en baby. Babyen var tydeleg understimulert, og veldig liten og tynn. Ei sterkt oppleving!*

**I februar reiste den 20 år gamle vestnesjenta Elina Tomren Toivanen til Brasil for å gjøre ein innsats for gatebarna i São Paulo. Opphaldet har gjeve mange og kraftige inntrykk, og i dette reisebrevet deler ho nokre av sine tankar med oss.**

# Reisebrev frå Brasil

del 2

## Sao Paulo nattestid

Uansett kor eg snur og ven der på dette så vert dette for meg det verste og det beste med heile opphaldet mitt. Eg har aldri hatt verre mareritt nokon gong. Eit mareritt som skjedde i våken tilstand og berre fortsatte og fortsatte etter at eg kom heim og la meg. Eg har gått i São Paulos gater nattestid og prata med ungane som bur der. Berre tanken er forferdeleg.. Tenk å bu i verdas nest største by, på gata.. Det er ikkje ei spesiell aldersgruppe som held seg der heller, det er alt av rubbel og bit, gammal som ung. Småbarnsmødre med baby, ungdommar, ungar, gravide, vaksne og det vi heime kallar pensjonistar. Det som kjenneteiknar dei aller fleste er at dei er rusa. Rusa på lim. Limlukta har etter dette opphaldet her blitt det mest avskyvekkande eg veit om. Det øydelegg alt, øydelegg hjernecellene for alltid, blir ikkje laga nye heller. Ungane blir aldri seg sjølv etter å ha rusa seg på lim, likevel forstår eg dei. For, hadde eg budd der

sjølv, måtte eg nok hatt meg noko å rusa meg på sjølv. Å oppleve noko sånt når ein er fullstendig oppegående hadde eg nok ikkje mакta..

Ungane opptrer i flokkar, dei har sine klikkar og gjengar, og det verkar som om dei føler ein slags tryggleik ved å gjøre det. Dei passar på kvarandre, både for andre gjengar og politiet. Det finst mange skrekkhistorier om politiet, den verste er vel om «raida» dei tidlegare utførte. Fylte politibilane med ungar, køyrt på soppeldynga og skaut dei. Skaut ned «bestanden» rett og slett. Heldigvis trur eg at den vestlege verden har satt meir og meir fokus på dette dei siste åra, og voneleg skjer ikkje dette lenger. Men love, det kan eg ikkje gjere.

Dei er pratevillige, ungane på gata. Pratevillige og kjærleikstrengande. Eg sit gjerne og held rundt fleire mens eg pratar med dei. Her heller, må eg tilstå, eg føler meg ikkje redd. Eg veit ikkje heilt kor eg skal forklare det heller, men eg føler meg så ønska, dei vil så inderleg gjerne prate med nokon,

føle at nokon bryr seg. Tenk det du, det kom ei dame forbi og gav guten eg haldt rundt ei kjekspakke. Det første guten tenkte på var å gje meg ein kjeks, at eg ikkje skulle vere svolten. *Tenk det*, eg, kvite, rike, bortskjemte, dritunge frå Norge. Han var redd for at eg skulle vere svolten, og eg tør ikkje tenke på kor lenge det var sidan han sjølv hadde ete.

Voldtektsraten i São Paulo er usannsynleg høg, og å vere jente og bu på gata der er ikkje å anbefale. Resultatet av det er at mange av jentene fokuserar veldig sterkt på å vere maskuline, heller enn det feminine. Eg er mykje meir skeptisk til jentene enn gutane på gata. Jente er så, ja, valdsamme blir vel rette ordet.

Eg har prata med ein gut som mangla eitauge, han hadde mista det under ei skotveksling under gjengoppgjer. Eg har prata med ei gravid jente som venta bornet sitt kva tid som helst, om kva framtidshåp ho såg. Ikkje ville ho ha bornet, det var resultat av voldtekts, og ikkje hadde ho nokon stad å bu. Eg

har prata med ungar som bønnfell meg om å adoptere dei, eg har fått fleire babyar, eg har leika sisten i São Paulos gater og eg er overvelta. Kvifor er dei så glade?? Kvifor greier dei å smile, le, vitse og fleipe? Dei bur på gata, har inga framtid, rasar seg på lim – og igjen, dei bur på gata – er det verkeleg noko dei har å smile av?

## Rio de Janeiro

Ferien min. To venninner av meg her nede og meg skulle reise til Rio de Janeiro på ein helgetur. Vi skulle kople heilt ut, berre reise på jentetur, ha det gøy rett og slett. Det enda – ja, ikkje som planlagt i alle fall... Det vart rett og slett for tøft å skulle ha turistrolla, å sjå alle uteliggjarane, alle tiggjarane og alle ungane. Å bruke all sin energi på å prøve å unngå å bli rundstjelt av utspekulerte ungar som ville lure bleike, kvi, rike nordmenn.

Ein ting er å vere oppi det heile tida, slik som eg er her, i Mogi. Ein anna ting er det å sjå det frå utsida. Eg trur eg aldri kjem til å vere i stand til

det lengre. Første kvelden vår i Rio var jentene i stor slag, skulle ut på livet, sjekke utelivet i Rio, «rocke Flooren» rett og slett. Vi skulle berre innom ein restaurant og ete først, men der kom ein gategut inn og bad om pengar. Pengar får dei aldri, skal ikkje, kan ikkje gje dei pengar. Dei blir berre brukte til alt anna enn mat. Vi bad han då heller inn, han fekk sitje ved bordet vårt og ete mat i lag med oss. Vi bestilte det same til han som til oss, og han fekk ete så mykje han orka. Han fortalte at han var 16 år, budde på gata, og at han ikkje visste noko om foreldra sine. Han osa lim, auga hans var ute av kontroll. Reaksjonane hans var så sløve at det gjekk gjerne ti sekund frå vi sa noko, til han forandrar ansiktsuttrykk. Det var vel ikkje den beste starten på ein kveld på byen, så etter å ha tatt farvel med han reiste vi raskt tilbake til vandrarheimen. Like godt å ta kveld, fant vi ut.

Dagen etter var vi klar for nye utfordringar og planla både Copacabana (Rios mest kjente strand), Maracana (verdas største fotballstadion) og ein hippie-